

Reguleringsføresegner - Detaljplan

Plan: Detaljregulering rv.5 Lunde - Lundebotn		Planid: 4647-2021001
		Arkiv nr.:
Utarbeidd av: Statens vegvesen, Drift- og vedlikehold vest, Plan- og utbygging 1	Oppdragsgjever:	Sign.:
Vedtak/Stadfesting:	Dato org. føresegner: 26.10.2022	
Sak	Siste revisjon:	
Endringar	Dato:	Sign.:

1 Føremål med planen

Føremålet med planen er å regulere areal for å bygge forbikeyringsfelt og kjettingplassar langs rv.15 mellom Kjøsnestunnelen og Fjærlandstunnelen. I samband med desse tiltaka er det behov for å regulere areal for å bygge rasvollar og ønskje om parkeringsplass og gangbru over Tongelva.

2 Reguleringsføresmål

Areala i planområdet har følgjande reguleringsføresmål, omsynssoner og føresegnområde:

2.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. §12-5, nr.2)

Køyreveg(2011)
Gangveg/ gangareal/ gågate(2016)
Annan veggrunn – teknisk anlegg(2018)
Annan veggrunn - grøntareal (2019)
Leskur/plattformtak(2026)
Parkeringsplassar(2080)

2.2 Grøntstruktur (Pbl §12-5, nr.3)

Turveg(3031)

2.3 Landbruks-, natur- og friluftsmål (Pbl §12-5, nr.5)

LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden(5100)

2.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (Pbl §12-5, nr.6)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone(6001)

2.5 Omsynssoner (Pbl §11-8 a til f, jf. §12-6)

Frisikt(140)

Ras- og skredfare(310)

2.6 Føresegnområder (Pbl §12-7)

Midlertidig bygge- og anleggsområde

Vertikalnivå

Planen har tre vertikalnivå: "på bakken", "under bakken" og "over bakken"

3 Fellesføresegner for heile planområdet

3.1 Landskap og estetikk

Det skal utarbeidast landskapsplan/O-teikningar for tiltaket i prosjekteringsfasen. Desse skal vere førande for bygging og ferdigstilling av planområdet, jf. også 3.3.

3.2 Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein Rigg- og marksikringsplan (RM-plan) frå start av prosjekteringsfasen. Område som ikkje skal rørast skal markerast i terrenget.

3.3 Plan for Ytre Miljø(YM-plan)

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) frå start av prosjekteringsfasen.

YM-plan skal vidareføre dei krava og avbøtande tiltaka som er omtala i planen og oppsummert i kapittel om føringar for YM-plan. Miljøutfordringane som blir avdekkja blir ført vidare til utførande og kontrollerande i gjennomføringsfasen.

3.4 Kulturminner

Dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det berører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka og er gjort kjent med denne bestemmelsen. Melding av funn skal straks sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, i samsvar med lov om kulturminner §8, andre ledd.7.5.

4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5, nr.2)

4.1 Offentleg køyreveg o_SKV

Offentleg køyreveg skal opparbeidast i samsvar med plan- og profildeikningane C1 – C4. Mindre avvik i høgde kan gjerast i samråd med tiltakshavar og Sunnfjord kommune.

4.2 Gangveg/gangareal/gågate o_SGG

Venteareal og gangtilkomst til busslommer

4.3 Annan veggrunn – grøntareal o_SVG

Annan veggrunn grøntareal, er offentlig veggrunn som sikrar dei offentlege vegane. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter.

Innanfor området o_SVG10 kan det opparbeidast ein utsiktsplass.

Innanfor området o_SVG10 kan det også settast opp toalett i samsvar med reglane i TEK 17.

Plassering av avkøyrsla ved pr.190, som er markert med pil i kartet, kan tilpassast i samråd med vegeigar. Det skal settast opp bom for å hindre at uvedkommande tek seg inn i området.

Annan veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombelse anleggsvegar og mellombels massedeponi.

Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

Mindre avvik i skråningsutslag innanfor "Annan veggrunn" kan skje som følgje av uføresette tilhøve, som til dømes grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegformål vil fråvika noko frå det som går fram av formålsgransene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegformål vil verte nytta til tilstøytande formål.

4.4 Anna veggrunn – teknisk o_SVT

Kjettingplass og teknisk bygg ved Kjøsne tunnelen.

4.5 Leskur/plattform o_SP

Busslommer og leskur

4.6 Parkering o SPA

Parkeringsplassar ved Tongelva.

5 Grøntstruktur (§12-5, nr.3)

5.1 Tursti o turveg

I samband med turstien til Lundeskaret er det regulert ei gangbru over Tongelva. Før brua kan byggast må det gjerast ei vurdering av optimal plassering og høgde for stor nok lysopning. Brua skal byggemeldast.

6 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (§12-5, nr.5)

6.1 Landbruks-, natur- og friluftsliv og reindrift L

Område regulert til landbruk, natur og friluftsliv sikrar dagens bruk av områda.

7 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§12-5, nr.6)

7.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Området skal berre nyttast for tilkomst med eit minimum av maskinelt utstyr for bygging av voll/stenging av sideløp i Tongelva. Det skal elles ikkje gjerast inngrep i elva eller kantvegetasjonen i samband med tiltaket. Det kan også etablerast gangbru over Tongelva for tilkomst til tursti mot Lundeskaret.

8 Føresegner til omsynssoner (§12-5, nr.2)

8.1 Sikringssone

I området mellom frisiktlinene og køyrevegen (frisiktsona) skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

8.2 Ras- og skredfare

Det skal ikkje etablerast bustadrigg i området markert med omsynssone ras- og skredfare. Arbeid i dette området skal berre skje i samråd med geolog med erfaring frå bygging i rasområder.

9 Føresegner til føresegnsområde

9.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde

9.1.1 Områda merka med # kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av veganlegget, det gjeld mellombelse bygningar (brakker) og anlegg, riggområde, lagring av massar, handtering og knusing av massar m.m. Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte jf. pkt. 8.2.

9.1.2 Område #6

Området #6 er eit område der det er deponert massar frå bygging av snunisjer i Fjærlandstunnelen. Denne tunnelmassen kan brukast i samband med bygging av forbikøyringsfeltet langs rv.5. Dersom massane ikkje er brukte til veganlegget innan 01.06.2024, skal området #6 settast istand med betre arrondering av kantane. Dei skal jordslåast med stadeigen massar slik at naturleg vegetasjon kan etablere seg.

9.1.3 Føresegnsoner

Føresegnsonene kan fjernast frå plankartet administrativt av planmyndigheita etter at anleggsperioden er over, eller seinast 01.01.2033.